

Festspela i Geiranger
Eide 33
6215 Eidsdal

Stranda kommune
Øyna 13
6200 Stranda

Geiranger, 20.11.2025

Søknadsbrev - Festspela i Geiranger 2026

“Opplevingsnæringa er kommunane sin beste ven”

Kristin Krohn Devold, direktør i NHO

Festspela i Geiranger er ein årleg musikkfestival og folkefest, arrangert første gong i 2021. Festivalen kombinerer sterke musikkopplevingar, spektakulære naturrammer og lokal matkultur, og har etablert seg som ein viktig møteplass mellom kultur, næring og samfunnsutvikling.

Festivalen spring ut frå eit ønske om å styrke både det lokale kulturlivet og reiselivsnæringa, og er ein konkret realisering av fleire mål i Samfunnsplan Stranda kommune 2025–2035 – særleg innanfor områda attraktivitet og etablering, sosial berekraft, og berekraftig utvikling av Stranda som reiselivsdestinasjon.

Festspela som samskapingsarena

Samfunnsplanen løftar fram Stranda som ei “samskapingskommune der vi finn løysingar saman”, og peikar på behovet for tettare samarbeid mellom kommune, næringsliv og frivillig sektor. Festspela er nettopp eit slikt samskapingsprosjekt – der kultur fungerer som drivkraft for utvikling. Gjennom samarbeid med lokale bedrifter, frivillige lag og kulturinstitusjonar skaper vi aktivitet og fellesskap i heile kommunen, ikkje berre i Geiranger. Festivalen tilbyr gratisarrangement, konsertar på institusjonar, barnefestival og møteplassar som inkluderer born, unge og eldre – i tråd med samfunnsplanens mål om trygg oppvekst og sosial deltaking for alle.

Reiseliv, verdiskaping og berekraft

Samfunnsplanen legg stor vekt på å utvikle Stranda som berekraftig reiselivsdestinasjon, der natur, kultur og næring går hand i hand. Festspela bidreg direkte til dette gjennom å:

- forlenge turistsesongen med arrangement i låg- og skuldersesong,
- skape nye kultur- og naturopplevingar i samarbeid med lokale aktørar,
- fremje Stranda og Geiranger som heilårsdestinasjon,
- styrke lokalt næringsliv innan servering, overnatting, transport og opplevingsindustri.

Dette gir konkret økonomisk verdiskaping og sosial berekraft, og byggjer vidare på kommunen sitt mål om å styrke bulyst og tilflytting i bygdene.

Søknad om kommunal støtte

Med utgangspunkt i vedlagte budsjett og tidlegare tilskot frå Stranda kommune, søker Festspela i Geiranger om støtte til gjennomføring av festivalen i 2026.

For å kunne vidareføre utviklinga og utløyse offentlege tilskot på statleg og fylkeskommunalt nivå, er kommunen si deltaking avgjerande.


Følgjande finansiering er føresett for 2026:

- Kulturrådet: kr 150 000 (søkt)
- Møre og Romsdal fylkeskommune: kr 105 000 (innvilga fireårig støtte, 2025–2028)
- Stranda kommune: kr 60 000 (denne søknad)

Støtta frå kommunen verkar utløysande og symboltung — den stadfestar Stranda sitt engasjement for eit arrangement som bygg stoltheit, aktivitet og samarbeid i tråd med kommuneplanens visjon:

“Denne Stranda – til å vere stolt av.”

Med venleg helsing,



Gunnar Inge Eide
Styreleiar

Kort om Festspela i Geiranger 2025-2026

Bakgrunn og utvikling

Festspela i Geiranger har sidan starten i 2021 utvikla seg til ein festival med tydelig profil, høgt kunstnerisk nivå og sterk lokal forankring. Festivalen er ein møteplass for internasjonale artistar, lokale aktørar og publikum i alle aldrar – med eit program som bind saman musikk, natur, lokalmat og kulturarv. Målet er å styrke bulyst og næringsutvikling, og bidra til heilårleg aktivitet i bygda og kommunen.

Festspela 2025 i korte trekk

Den femte festivalen vart arrangert 25.–28. september 2025, og bestod av 22 arrangement på 12 ulike arenaer. Med over 80 utøvarar og 2500 publikummarar frå heile landet, markerte festivalen seg som ein viktig aktør innan kulturturisme. Lokale verksemdar rapporterte om auka omsetning, og tilbodet til born, unge og eldre blei styrkt gjennom gratisarrangement, workshops og institusjonskonsertar.

Planar for 2026

Festivalen i 2026 vil ha 24 arrangement, inkludert opne konsertar, fagseminar, kunstutstilling, institusjonskonsertar og ein eigen barnefestival. Vi vidarefører arbeidet med å kople profesjonelle musikarar med lokale utøvarar og unge talent, og vil styrke formidlinga av Geiranger som kulturdestinasjon – både i og utanfor turistsesongen.

Verdiskaping og ringverknader

Festspela bidreg til sesongforlenging og samarbeid på tvers av næringar. Tilskot frå Stranda kommune er avgjerande for å utløse vidare støtte frå fylke og stat, og gir samtidig stor lokal gevinst i form av auka aktivitet, arbeid, nettverk og synleggjering. Festivalen bygg kompetanse og stoltheit, og styrkjer rekruttering til kulturfeltet lokalt.

Organisering og samarbeid

Festivalen vert drive av eit engasjert styre med høg kompetanse innan kultur, reiseliv og næringsutvikling. Arbeidet skjer hovudsakleg på frivillig basis, men gjennom samarbeid med Verdsarvstiftinga har vi også hatt ressursar til heilårleg aktivitet og betre koordinering. Festspela har solide samarbeid lokalt, regionalt og nasjonalt, og ønskjer å vere ein del av framtida for Stranda kommune som kultur- og opplevingskommune.



Artisten Moddi gjorde stor suksess i Geiranger kyrkje under Festspela i Geiranger 2025